



Geir Nilsen i gang med klargjering av kortpumpa torsdag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**SPAR har no teke sit stort service-løft til beste for båtfolket. Det vil truleg styrkja båthamna i Uskedalen ytterlegare i kampen om å bli "Årets båthamn":
Fredag vart den monterte kortpumpa på Sandakaien teken i bruk for døgndrift. Hydro står for leveransen av diesel.**

Båtlaget så frå seg ansvaret for dieselfyllinga då dei fann ut at det var lite å tene på ho. I dei siste vekene har ansatte ved SPAR teke seg av fyllinga, men no blir det altså mogeleg å fylla med kort når som helst på døgnet.

Så vidt uskedalen.no erfarer er dei nærmaste hamnene med kortpumpe Stord og Jondal. Med andre ord kan ikkje hovudkonkurrenten Husnes lokka med denne servicen.

Pumpa kostar 170.000 kroner og med montering kjem kostnaden nesten opp i 200.000. Det skal altså mykje til hvis ein skal tena inn att denne investeringa.

Av Ola Matti Mathisen